

### **Til politikarane i Hareid kommune:**

Hareid kommune er igjen på ROBEK-lista, og politikarane må snu på kvar einaste krone. Dette lesarinnlegget kjem som eit hjartesukk frå alle oss som jobbar i barnehagane i Hareid. Spørsmålet vårt til dykk politikarar er: *Kva slags barnehage vil vi at borna våre skal ha i Hareid?* Kunnskapsministeren har sagt at alle born fortener ein god start i livet – og vi kunne ikkje vore meir einige. Vi treng gode rammer for å gjere jobben vår.

1 av 3 barnehagelærarar ser føre seg å slutte i jobben sin innan 1-3 år.

Dette ser vi også i Hareid, at fleire barnehagelærarar byttar til heilt andre yrke.

Tilsette i barnehagane i Hareid kjenner det på kroppen kvar dag at desse innsparingane kostar – og om dette vedvarer vil her ikkje vere tilsette att.

Vi som jobbar i barnehagane er borna sine «advokatar» og stemmer ut til dykk politikarar, spesielt når sparetiltak rammar borna sin trivsel, tryggleik og helse. Når det vert færre tilsette rundt borna, går det ut over kvaliteten i barnehagetilbodet – og det går ut over tryggleiken.

### **Bemannning og konsekvensar av sparetiltak**

I barnehagen har vi ein norm for vaksentettleik som seier kor mange barn det skal vere per tilsett. Når denne norma ikkje vert følgt på grunn av sjukefråvær og manglande vikarar, får vi ikkje gjort jobben vår slik vi skal.

Barnehagesektoren i Hareid er hardt ramma av høgt sjukefråver, grunna høgt press og stor arbeidsbelastning. Er ein bemanna akkurat etter norm vil ein likevel vere underbemanna ved sjukefråver. Vi har styrarar som går inn som vikar framfor å leige inn vikar. For det første er ikkje dette berekraftig for styrarar, for det andre finst det ikkje vikarar å leige inn. Kva meinar politikarane vi skal gjere når vi ikkje har nok tilsette? Skal vi stenge? Barnehagane i Hareid held i dag åpe i 10 timer og 15 minutt. Samstundes er barnehagane berre bemanna etter norm 4 timer av desse. Redusert åpningstid må vere eit minimumskrav for at vi skal greie å gi barna gode nok dagar. Politikarane er også nødt til å følgje opp dei føringane som ligg i statsbudsjettet, og kan ikkje velje å bruke desse pengane til andre formål.

### **Å spare no kostar meir i framtida**

Å investere i tidleg innsats for borna gjev store samfunnsgevinstar på sikt. Å hjelpe ein 4-åring med utfordringar er langt mindre ressurskrevjande enn å setje inn tiltak for ein 14-åring. Når kommunen prioriterer kutt framfor langsiktig vinning taper borna.

**Vår oppmoding til politikarane** Vi veit at økonomien er stram, men oppmodar dykk til å tenkje på verdien av ein trygg og god barnehagekvardag for borna våre. La Hareid kommune vere eit førebilete – ikkje berre på tal i budsjettet, men òg på barnehagetilbod som er prega av kvalitet, trivsel og omsorg. Vi som jobbar i barnehagane er stolte av jobben vi gjer. Vi håpar de ser verdien i arbeidet vårt og prioritær borna i Hareid.

### **Med vennleg helsing,**

Arbeidsplassstillitsvalgte for Utdanningsforbundet i Hareid-barnehagane

Lillian Lonbakken, Trude Gurskevik Knotten & Lisa Kristin Rønstad

*Lillian Lonbakken, Trude Gurskevik Knotten, Lisa Kristin Rønstad*